



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2815 - 15/29190

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2015

Søknad om løyve til oppføring av bustad, veg mm - gbnr 155/63 - trong for tilleggsdokumentasjon.

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak på gbnr 155/63.

Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknader:

Omsøkt veg fram til eigedomen er ikkje i samsvar med plasseringa av vegen som låg til grunn for dispensasjonsvedtaket som er gitt for deling og bygging på eigedomen, jf sak 010/15 i Plan- og miljøutvalet 04.02.2015. I dispensasjonssaka er det vist vegtilkomst via eksisterande veg som har avkjøring frå fv 402, medan det no er søkt om vegtilkomst frå kommunal veg.

Statens vegvesen har i vedtak datert 20.03.2015 gitt førehandstilsegn for bruk av avkjørsla frå fv 402 på vilkår. Lindås kommune v/ Teknisk drift har i vedtak datert 17.06.2015 gitt avkjøringsløyve til kommunal veg.

Plassering av tilkomstvegen til eigedomen, slik han er søkt om, krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon for denne plasseringa. Løyve til dispensasjon må vera gitt før byggjeløyve kan gjevast. Dersom dispensasjon vert gitt kan det ikkje gjevast byggjeløyve for omsøkt veg før naudsynt dokumentasjon som lengde- og tverrprofil og situasjonskart med påført avstand til nabogrense ligg føre.

Dersom ein vel å søkja om å etablere veg fram til eigedomen i samsvar med gitt dispensasjonsvedtaket må det sendast inn revidert situasjonsplan som viser plassering av vegen saman med anna naudsynt dokumentasjon for å byggja denne. Endring av søknaden krev at tiltaket vert nabovarsla på nytt. Lindås kommune gjer merksam på at kommunen ikkje kan gje byggjeløyve for bustad med tilkomst via fv 402, før endeleg godkjenning av avkjørsla ligg føre, jf punkt 1 i førehandstilsegnet.

Ved plassering av veg nærare nabogrense enn 4 meter må det søkjast om dispensasjon frå pbl § 29-4, evt leggast fram erklæring med samtykke frå nabo til slik plassering, før kommunen kan gje godkjenning.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eirin og Daniel Monstad

Lurevegen 557

5912

SEIM

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5914

ISDALSTØ